



Kirkens SOS i Bjørgvin
Kalfarveien 79
5022 Bergen
Adm: 55 32 58 45

bjorgvin@kirkens-sos.no

Bank: 3624 58 80191
Org.nr. 971 352 221

Radøy kommune
v/ ordføreren
Krossvegen 8
5936 Manger

Bergen 7. april 2015

SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE FOR 2015

Vi søker med dette Radøy kommune om å bidra til at Kirkens SOS kan halde fram med å gje eit døgnope sjølvmoordsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Vi har ein krevjande økonomi. Driftsstøtta frå kommunane varierer frå kr. 1,- til 3,50 pr. innbyggjar.

Kirkens SOS står for om lag halvparten av all hjelpetelefoni i Noreg, og er i tillegg store på SOS-meldingar og SOS-chat. Vi leverer tenester med høg fagleg kvalitet og med låge kostnader. Med 112 frivillige og 5,1 tilsette driv Kirkens SOS i Bjørgvin sjølvmoordsførebyggjande, døgnopen kriseteneste med Hordaland og Sogn og Fjordane som særleg ansvarsområde. Vi svarer på 70 telefonar, SOS-meldingar og SOS-chat kvart døgn, heile året. 57 % av alle chattar handlar om sjølvmoordstankar.

Meir om Kirkens SOS i Bjørgvin:

- Vaktrom i Førde og Bergen.
- Er eit av 12 lokale sentre som driv krisetenesta Kirkens SOS.
- I 2014 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 22.673 telefonsamtalar, 1.563 SOS-chattar og 1.246 SOS-meldingar.
- 2.331 telefonsamtalar handla om sjølvmoord.
- Flest jenter skriv, mens like mange menn som kvinner ringjer.
- Dei som ringjer snakkar mest om psykiske problem, kjensla av å vere aleine eller relasjonsproblem. I SOS-meldingar og SOS-chat er sjølvskading, sjølvmoord og seksuelle overgrep dei vanlegaste tema.
- Kirkens SOS er til stades uansett problemstilling, kjønn, alder eller seksuell legning. Vi spør ikkje om livssyn. Vi lyttar og tek imot det vonde vedkomande kjenner på. Mange seier at utan Kirkens SOS hadde dei ikkje halde seg fast i livet.
- Elevane i ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får tilsendt informasjonsmateriell.
- Vår lokale oppbygging er eit representantskap og eit driftsstyre. Vi har ingen eigarar som sørgjer for nødvendige driftsmidlar.

Ingen kommune kan aleine gje eit slikt tilbod til sine innbyggjarar.

Med helsing


Greta Gramstad
dagleg leiar


Karl Dag Bærug
nestleiar

Vedlegg: Rekneskap 2014 og budsjett for 2015

Budsjett 2015

INNETEKTER

	Budsjett 2015	Regnskap 2014
Staten	1 460 000	1 460 474
Bergen kommune	918 000	903 000
Hordaland fylkeskommune	180 000	170 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	75 000	75 000
Andre kommuner	45 000	44 485
Kirken, ofringer og faste bidrag	355 000	338 550
Bergen Kirkelige fellesråd	90 000	90 000
Bjergvin bispedømmeråd	97 000	96 728
Givertjeneste	40 000	35 450
Internasj. prosjektinntekter	115 000	90 000
Honorarer/andre inntekter	26 000	25 384
Gaver/fond/legater	1 043 000	832 294
Refusjon Norsk kr.studieråd	15 000	12 880
Momskompensasjon	247 000	247 105
Renteinntekter	<u>65 000</u>	<u>72 260</u>
SUM	4 774 000	4 493 610

UTGIFTER

	Budsjett 2015	Regnskap 2014
Personalkostnader	3 832 000	3 760 702
Kostnader lokaler	296 000	240 138
Kostnader kontor	237 000	191 192
Synlighet	120 000	102 806
Fagutvikling frivillige/ansatte/landsmøte	245 000	199 159
Finanskostnader	5 000	4 973
Diverse kostnader	<u>39 000</u>	<u>30 051</u>
SUM	4 774 000	4 529 021